

10/6 2022

Hammerfest Forliksråd  
Hammerfest politistasjon  
Parkgata 16  
  
9600 Hammerfest

## PROSESSKRIV

Hammerfest, 10.mai 2022

Saksnummer F2022-007300

**Saksøkjar:** Arkhaus AS v/dagleg leiar Alexander Kupz  
Postboks 1127  
9615 HAMMERFEST

**Saksøkt:** Hammerfest kommune  
Postboks 1224  
9616 Hammerfest

Prosessfullmektig: Advokat Rune Carlson  
Hammerfest kommune  
Postboks 1224  
9616 Hammerfest

**Saken gjeld:** Krav etter avbrote rådgjevningsoppdrag etter NS 8402

### 1. INNLEIING

Det peikast på saksøktes prosesskriv av 1.april 2022, som inneheld ein del iaugefallande påstandar. Sidan underteiknande er sjølvprosesserande og store delar av arbeidstida oppteke med arkitekturrelatert kontorarbeid er det ikkje mogeleg å svare ut alle utsegn i tilsvaret før saksførebuing vil vere avslutta. Det sjåast difor som føremålstenleg å kommentere desse ved behov direkte i rettsmøtet.

Likevel ser underteiknande seg nøydt til å tilbakevise saksøktes forsøk på å villedre retten, og kommentere dei mest påfallande utsegn i dette prosesskrivet.



Besøksadresse:  
Sjøgata 17  
Hammerfest

Postadresse:  
PB 1127  
9615 Hammerfest

Telefon:  
417 90 525

Bankgiro:  
9722.46.72253

e-mail:  
[e-post@arkhaus.no](mailto:e-post@arkhaus.no)



arkitektbedriftene

## 2. PROSESSUELT

Det peikast på saksøkte si oppstilling av ARKHAUS sine sakskostnadar i tilsvaret side 1 flg. og forsøk på å problematisere ulike kravbeløp på ulike tidspunkt i prosessen. Her minnast det generelt på at ein slik prosess er *dynamisk*, som betyr at meir arbeidsinnsats i laupet av tid som regel fører til bruk av meir arbeidstid og med dette til høgare (saks)kostnadar.

Elles er det viktig å sjå at saksøkte sin prosessfullmektige opererer i denne oppstillinga med beløp både *med* og *utan* merverdiavgift, som naturlegvis forvrengjer mogelegheit til å samanlikne beløpa på ein korrekt måte.

Underteiknande vil forkläre oppstillinga av sine krav og grunnlaget for sakskostnadane uttømmande i rettsmøtet.

## 3. AVTALEGRUNNLAG OG NS 8402

Saksøkte sin prosessfullmektige gjorde i tilsvaret pkt. 3.2 oppmerksam på at "Det er sikker rett at den standard som sådan ikke vil anses som del av et konkret avtaleforhold med mindre den er tatt direkte inn som del av gjeldende avtaleforhold, eller partene - i det minste - har referert til den i et ellers omforent dokument". Men nettopp dette er jo tilfelle her:

Som saksøkte sin prosessfullmektige sjølv peiker på i tilsvaret side 2 sendte ARKHAUS "(...) i tråd med prosjektavdelingas anmodning tilbodet til kommunen **9.mars 2021**." Og vidare at tilboden gjaldt "(...) 'Skisse-forprosjekt' med opsjon for ansvarsrett etter **NS 8402**". På dette grunnlaget har prosjektleieren Gunnar Røe stadfesta oppdraget på møtet 7.april 2021.

**Med dette kan det noterast at partane har ei felles forståing for at all forhandling/ alle dialogane kring arbeidsomfanget etterpå er relatert til tilbodsbrevet som gjensidig akseptert avtalegrunnlag.**

NS 8402 er i utgangspunkt ein standard for avtaler basert på *brukt tid*. Ut frå det dekker standarden i utgangspunkt alt arbeid ARKHAUS utførte i prosjektet. Men det fylgjer av NS 8402 pkt. 12 at arbeidet honoreras på timesbasis (og ikkje anna) berre med mindre noko anna er avtalt. Dette er tilfelle her: Kommunen har som dokumentert tiltreidd ARKHAUS sitt tilbods opsjon – altså engasjert ARKHAUS til det arbeid/den oppgåva som fell under opsjonen – som betyr at det er heva over tvil at ARKHAUS i utgangspunktet ville hatt krav på eit *fast* vederlag stort kroner 20.000,- i tillegg til honorering av arbeid utført *etter brukttid*.

### Avbestilling

Etter at kommunen har tiltreidd opsjonen i tilboden sendte dei seinare melding om at oppdraget ikkje skulle sluttførast av ARKHAUS (sjå klagebrev Bilag 9). Dette kan ikkje sjåast som anna enn *avbestilling* av oppdraget. NS 8402 pkt. 15 regulerer kva rådgjevar i slike tilfelle kan krevje av vederlag og erstatning: Der heiter det at rådgjevaren har krav på betaling for den delen av oppdraget som er utført og erstatning for sitt påreknelege tap som fylgje av avbestillinga. Etter bestemminga har rådgjevaren krav på å få dekka sitt fulle økonomiske tap slik at han stillast økonomisk som om oppdraget hadde vorte gjennomført som føresett (positive kontraktsinteresse). Kort fortalt skal erstatninga fastsetjast slik at rådgjevaren sitt igjen med same fortenest som han ville haft dersom oppdraget vart gjennomført som føresett. Det betyr at evt. innsparinger i form av kontor- og reiseutgifter mv. skal trekkjast frå.

Her peikast det på at arbeidet allereie nesten var avslutta på det tidspunktet kommunen avbestilte oppdraget og at det berre var nokre få timer til samordning og utsending av søknadsdokumenta som sto att. Uansett har Hålogaland lagmannsrett uttalt i LH-2016-



Besøksadresse:  
Sjøgata 17  
Hammerfest

Postadresse:  
PB 1127  
9615 Hammerfest

Telefon:  
417 90 525

Bankgiro:  
9722.46.72253

e-mail:  
e-post@arkhaus.no



164365 tidlegare at "(...) For ét firma med én ansatt er det da ikke riktig å regne fradrag for besparelser". Ein må altså gå ut frå at ARKHAUS har mista både honorar for **brukt arbeidstid** (min. 3 timer) i tillegg til **fastprisdelen** av honoraret (Ansvar SØK) som reint tap:

3 timer arbeid:	kr. 2.850 eks. mva
Ansvar SØK:	kr. 20.000 eks. mva
Sum tap (min.):	kr. 22.850 eks.mva

Kommentar: Timane som sto att for å fullføre oppdraget står forresten ikkje i noko som helst relasjon all den til tida underteiknande måtte bruke i samband med denne saka hittil (min. 50 timer)!

#### 4. OMFANG AV OPPDRAGET

Frå ansvarlege prosjektleiar Gunnar Røe sin epost til underteiknande av **7.april 2021** siterer saksøkte sin prosessfullmektige vidare Røe sitt spørsmål til underteiknande om det kan vere mogeleg "(...) å få dette til og se noe pent ut, sånn at det passer inn mot øvrig bebygningsmasse som er der" (tilsvaret vedlegg 2), og prøver å setje dette i eit samband med det definerte omfanget av oppdraget. Her kan underteiknande ikkje sjå anna enn at spørsmålet frå Røe utelukkande er relatert til den *enige* delen av oppdraget (prosjektering), og på ingen måte at dette kan bevise manglande eksistens av den *andre* delen av oppdraget (SØK).

Det same gjeld den siterte dialogen i prosjektavdelinga mellom Røe og avdelingsleiar Håkon Rønbeck av **10.mars 2021** (tilsvaret vedlegg 1): Dette er tilsynelatande intern kommunikasjon, og ikkje noko som vart kommunisert ovanfor ARKHAUS på det tidspunktet då eller etterpå. Ergo har denne dialogen ikkje noko beviskraft i denne saka.

Det som faktisk vart kommunisert ovanfor ARKHAUS og har relevans i denne saka kjem fram i ein epost frå Røe til underteiknande av **15.april 2021**, altså i etterkant av møtet **7.april 2021** (tidspunkt Røe stadfesta oppdraget ovanfor underteiknande): Her peikast det på sakslista for samtala same dag og "gjennomgang av prosjektet", som inneheld bl.a. punktet "Søknadsprosess". Det tilbydast som bevis

#### Bilag 1: Epost Røe til underteiknande, saksliste møte/samtale same dag

Epost-kommunikasjonen mellom Røe og Rønbeck kan altså sjåast som anna enn beskriving av behovet for arkitekthjelp frå kommunen si side akkurat den 10.mars 2021, og har openberre ingen relevans for kommunen si bestilling ein månad seinare 7.april 2021. Her peikast det elles på det dokumenterte arbeidet ARKHAUS gjennomførte som SØK etterpå (sjå klagebrevet pkt.1).

Det at "Hammerfest kommune v/prosjektavdelinga ser (...) innholdet i refererte e-poster på ingen måte (...) til inntekt for klagers (stadfestings)påstander" står openberre i diametral kontrast til realiteten og dokumentasjonen som vart lagt fram frå denne sida. Samtidig er denne type utsegn illustrerande for kommunikasjonen og ikkje minst manglande vilje frå kommunen si side til å få løyst denne saka minneleg og utan stor tidsbruk (sjå klagebrev pkt. 5).

Eit anna illustrerande eksempel for denne haldninga er forsøket på å "blåse opp" eposten frå underteiknande til Røe av 6.september 2021 (Tilsvar Vedlegg 4), som er relatert til førespurnaden om tilbod frå ARKHAUS før 9.mars 2021 (dato stadfesting av oppdraget). Det bestridast ikkje at førespurnaden ikkje kan sjåast som bevis i denne saka, samtidig poengterast det at førespurnaden ikkje er del av argumentasjonen/dokumentasjonen i klagebrevet heller. Uansett hadde denne eposten ikkje noko rolle i korrespondansen mellom underteiknande og Hammerfest kommune etterpå, og påverkar sjølvsagt heller ikkje kvaliteten av all anna dokumentasjon lagt fram i denne saka på nokon måte.



## 5. DOKUMENTASJON AV GJENNOMFØRT ARBEID SOM SØK

I klagebrevet pkt.1 vart ARKHAUS sin status og gjennomførte arbeid som SØK allereie dokumentert omfattande og uttømmande. Likevel gjer saksøkte sin prosessfullmektige forsøk på å "nedsnakke" enkelte dokumenter/bevis, men utan å leggje fram forståeleg dokumentasjon som gjev støtte til påstandane. Dette gjeld til dømes for dokumentasjon frå

### Forhandskonferansen

Det kan med blikk på utgreiingene i klagebrevet pkt.1 ikkje vere noko tvil om at

1. Hammerfest kommune v/ Gunnar Røe har innkalla underteiknande som representant for ARKHAUS til forhandskonferanse
2. Sakshandsamaren i saksavdelinga har notert ARKHAUS som SØK i prosjektet
3. ARKHAUS har utført arbeid som SØK både før og etter forhandskonferansen

Det at saksøkte sin prosessfullmektige derimot prøver å nedgradere underteiknande til "medhjelper", og samtidig peiker på både den interne kommunikasjonen av 10.mars 2021 mellom Røe og Rønbeck frå tida lenge før arbeidet vart bestilt (7.april 2021, tilsvart vedlegg 1) illustrerer derimot ikkje anna enn kommunen sin mangel på fornuftige argument.

For å unngå noko som helst misforståing om kva som var kommunen/ Røe sin intensjon med å innkalle underteiknande til forhandskonferansen peikast det på bestillinga av forhandskonferansen, utarbeida og innsendt av prosjektleiar Gunnar Røe. Her har han bl.a. informert om: "Ansvarleg Søker: ARKHAUS AS". Det tilbydast som bevis:

**Bilag 2:** Bestilling av forhandskonferanse gjennom prosjektleiar Gunnar Røe

### Kystverket

Det bestridast ikkje at Kystverket si "*handling ikke påvirker det privatrettslige forholdet mellom prosjektavdelinga og klager*", som saksøkte sin prosessfullmektige påstår i tilsvaret side 3. Men det poengterast at det ikkje er Kystverket si *handling* som er av relevanse her, men *grunnlaget/motivasjonen* for handlinga: Hammerfest kommune hadde "bytta ut Ansvarleg Søkjar" (frå ARKHAUS til Finnmark Byggtjeneste).

Med dette er brevet frå Kystverket ytterlegare dokumentasjon for at ARKHAUS vart engasjert og hadde jobba som SØK i prosjektet, fram til at Hammerfest kommune avbestilte oppdraget.

## 6. SAMBAND TOTALENTREPREISE OG ANSVARLEG SØKJAR (SØK)

Saksøkte sin prosessfullmektige fortel i tilsvaret side 4 i avsnitt *Gjennomføring* kort om kommunen sitt syn på utviklinga av prosjektet i vår/sumar 2021. Her peikast det for det fyrste på informasjonen om at "*Søknadsansvar ble overført totalentreprenør så snart denne var blitt engasjert*". Dette betyr at Hammerfest kommune faktisk har erkjent at det var ARKHAUS som i fyrste omgang hadde "*Søknadsansvar*", som ikkje er anna enn rollen som SØK, fram til kommunen engasjerte eit anna føretak for å ta over ansvaret. Dette er iaugefallande motstridande til den tidlegare påstanden om at ARKHAUS berre hadde rollen som "medhjelper" i prosjektet.

Samtidig prøver saksøkte sin prosessfullmektige å vinkle saken slik at det står fram som om overgangen av ansvar til ein totalentreprenør må sjåast som sjølvfylgle i byggjebransjen.

Her minnast det på at eventuell "automatikk" ikkje er av relevans i denne saka, men den faktiske avtala mellom Hammerfest kommune og ARKHAUS. Uansett bestridast påstanden:

Ut frå eiga erfaring i bransjen finst det ulike mogelegeheter for fordeling av ansvaret i



mindre og større byggjeprosjekt, og bl.a. mogelegheit for at totalleverandøren ikke står for funksjonen SØK. Det tilbydast som bevis:

#### Bilag 3: Kontrakt mellom Nissensenter og ARKHAUS AS om SØK i prosjektet Nye Allmed legesenter

Dette dømet dokumenter ikkje berre at ARKHAUS AS har stått som SØK i eit prosjekt som vart utført av ein totalentreprenør, men òg at måten å fakturere honoraret (delt i fastpris og timehonorar) ikkje er uvanleg.

#### 7. TID

Grunna mangel på saklege argument som kan rettferdiggjere avbestillinga prøver saksøkte sin prosessfullmektige vidare å konstruere *tidslinjebasert* argumentasjon til kommunen sin favør.

For det første hevdast det at "prosjektavdelingen (valgte) å engasjere klager for å starte opp selve søknadsprosessen ovenfor kommunens bygningsmyndigheter. Dette for å unngå unødige forsinkelser ift. måloppnåelse for 2021." Her minnast det bl.a. på Røe si melding til saksavdelinga 10.mai 2021 om at "Vi har behov for å få sendt inn søknaden i starten av denne uka.". I realiteten var kommunen sin opphavelige "målloppnåelse" som tidlegare dokumentert altså ikkje berre a "starte opp" før september 2021 (tidspunktet totalentreprenøren kom på bane), men å få godkjent prosjektet før Sankthans 2021 (sjå klagebrev pkt.1 3.avsnitt flg.). Her minnast det på at det var eine og åleine ARKHAUS som på det tidspunktet hadde mogelegheit og ikkje minst fått oppdraget til å gjennomføre søknadsprosessen og hente inn byggjetillatinga så raskt som råd.

Kommentar: Entreprenøren Finnmark Byggtjeneste AS, som til slutt fekk oppdrag på å slutføre søknadsprosessen, kom ikkje på bane før i september 2021. Oppdraget til entreprenøren besto i hovudsak av utføring dvs. bygging av toalettbygget likevel. Ved nærmare blikk på tilbodet frå entreprenøren dvs. kontrakten med Hammerfest kommune vert det tydeleg at posten SØK er del av fastprisen utan å ha ein "eigen pris". Ein kan anta at kommunen tolka tilbodsdocumentet slik at posten "SØK" var eit "gratis" tillegg til honoraret for "Bygging av toalettbygg". Idéen å spare ein del av kostnaden for posten SØK ved å kutte ut ARKHAUS og bruke Finnmark Byggtjeneste i staden for kan altså forkláre, men ikkje forsvare, kommunen si framferd. Det tilbydast som bevis:

#### Bilag 4: Kontrakt mellom Hammerfest kommune og Finnmark Byggservice AS

Vidare peiker saksøkte sin prosessfullmektige på at "(...) kommunen ble fakturert for timehonorar 11 dager etter at klager fikk beskjed om at videre arbeid skulle overtas av Finnmark Byggtjeneste AS", som "bevis" for at det "ble (...) ikke avtalt en kombinasjon av fastpris og timehonorar" og at "(...) klager var klar over dette". Denne sida kan berre spekulere over det konstruerte sambandet mellom tida som gjekk frå kommunen avbestilte oppdraget, til fakturaen for den *gjennomførte* delen av det avtalte arbeidet vart sendt ut.

Faktum derimot er at

1. Kommunen avbestilte oppdraget på SØK 6.september 2021 (sjå klagebrev pkt.3)
2. Same dag 6.september 2021 tok underteiknande kontakt til prosjektleieren, for å finne ei minneleg løysing (sjå klagebrev pkt.5 1.avsnitt)
3. Sidan korrespondansen med prosjektleieren ikkje førte til noko føremålstenleg dialog tok underteiknande kontakt til avdelingsleiaren i prosjektavdelinga 12. september 2021, med same formål om å finne ei minneleg løysing. (sjå klagebrev pkt.5 6.avsnitt)

Som kjent kom det ikkje noko konstruktiv respons frå kommunen på førespurnaden til



Besøksadresse:  
Sjøgata 17  
Hammerfest

Postadresse:  
PB 1127  
9615 Hammerfest

Telefon:  
417 90 525

Bankgiro:  
9722.46.72253

e-mail:  
e-post@arkhaus.no



arkitektbedriftene

både prosjektleieren og avdelingsleiaren. Avgjerende her er at tida som gjekk mellom tidspunktet for avbestilling og fakturering (for gjennomført arbeid) vart brukt for å kome i dialog med forskjellige ansvarlege i kommunen. Eit slikt løysingsforsøk ser underteiknande som ein sjølvfylgje når problem oppstår (framanfor å starte ein klageprosess med det same). Fyrst då det ikkje lengre kunne ventast konstruktiv respons frå kommunen si side i denne saka (11 dagar etter avbestillinga) vart dei postane fakturert som på det tidspunktet var gjennomført (brukt tid for arbeid).

Kommentar: Grunnen for at det berre var honoraret for det gjennomførte arbeidet (etter brukt tid) som vart fakturert og ikkje fastprisdelen i tillegg er innlysande logisk. Her er det viktig å vite at ansvarserklæringer i ein søknadsprosess leverast saman med byggjesøknaden til kommunen. Dette gjeld både for ARKHAUS si erklæring til å vere Ansvarleg Søkjar (SØK), men òg for alle andre erklæringer frå andre ansvarlege Prosjekterande eller Utførande. Sidan ARKHAUS AS grunna avbestillinga ikkje (lengre) fekk lov til å sende inn byggjesøknaden har ARKHAUS AS heller ikkje fått offisiell *status* som SØK ovanfor *saksavdelinga* i kommunen. Med dette kunne fastprisdelen for SØK-rollen etter god forretningsskikk heller verte *fakturert*, sidan denne ikkje kunne stadfestast ovanfor kommunen.

Obs.: Det at ARKHAUS ikkje kunne erklære ansvar ovanfor kommunen påverkar ikkje oppdraget frå *prosjektavdelinga* til ARKHAUS til å vere Ansvarleg Søkjar. Prosjektavdelinga/kommunen er framleis ansvarleg for konsekvensen av avbestillinga. Konsekvensen er at ARKHAUS krev *erstatning* for økonomisk tap som oppsto grunna avbestillinga.

Det at saksøkte sin prosessfullmektige likevel hevder at "*Hadde klager ment at det også kunne faktureres for fastprisdelen ville det jo vært naturlig den var blitt medtatt på samme måte som for 'Småhus Hammerfest kommune'*" er derimot oppsiktsvekkjande: Fastprisdelen i prosjektet *Småhus Hammerfest kommune* vart naturlegvis fakturert sidan ARKHAUS AS fekk lov til å gjennomføre prosjektet dvs. sende inn byggjesøknaden og erklære ansvar ovanfor saksavdelinga (sjå klagebrev pkt. 3. "Tidlegare fakturering av "ANSVARSLAG"). Dette betyr at saksøkte sin prosessfullmektige anten ikkje har sans for god forretningsskikk, eller ein må gå ut frå at denne påstanden vert brukt for å villeie retten.

For orden si skyld peikast det på at den omtalte fakturaen uansett ikkje utgjer noko *sluttfaktura* i NS8402 pkt. 14.4s forstand: Ved si innvending til avbestillinga har underteiknande gjort det klårt for kommunen at den aktuelle fakturaen ikkje kunne sjåast som ein sluttfaktura i NS 8402s forstand. Tvert imot har underteiknande gjort tydeleg oppmerksam på sin rett til å halde fram med resten av arbeidet då den aktuelle fakturaen vart sendt, og ikkje minst søkt dialog for å finne ei minneleg løysing.

## 8. SAKSKOSTNADAR

Pt. vart det brukt nært 50 timer for handsaming og utarbeiding av forliksklagen, som krevjast erstatta maksimalt. Sakskostnadane består altså av kr.1.199 inkl. mva for skriving av klage og kr. 5.150.- for innhenting av juridisk råd (Bilag 5).

Denne side kan ikkje sjå at det finst noko grunnlag for at ikkje Hammerfest kommune skal dømmast til å dekkje denne side sine fulle kostnadar.

## 9. PÅSTAND

I lovens tilfelle krevjast avsagt fråværsdom.

Arbeidet med saken i tida fram til innsending av klagen har vore ressurskrevjande. Til



Besøksadresse:  
Sjøgata 17  
Hammerfest

Postadresse:  
PB 1127  
9615 Hammerfest

Telefon:  
417 90 525

Bankgiro:  
9722.46.72253

e-mail:  
e-post@arkhaus.no



arkitektbedriftene

# ARKHAUS

dekning av våre sakskostnadar krevjast kr. 6.349.- med tillegg av merverdiavgift og rettsgebyret, jf. tvisteloven § 6-13.

\*\*\*

Med etterhald om å kunne supplere bevisføringa leggjast etter dette ned slik førebels

## P Å S T A N D :

1. Hammerfest kommune dømmast til innan 14 dagar frå dommens forkynning til å betale ARKHAUS AS kr. 20.000 pluss mva med tillegg av forseinkingsrente frå forfall til betaling skjer.
2. Hammerfest kommune dømmast til innan 14 dagar frå dommens forkynning til å betale ARKHAUS AS eit beløp fastsatt etter rettens skjønn med tillegg av lovens forseinkingsrente frå forfall til betaling skjer.
3. ARKHAUS AS tilkjennast sakens kostnadar.

Dette prosesskriv i tre eksemplar - éit sendast til retten (portal skatteetaten), éit sendast motparten (på epost) og éit behaldast her.

Hammerfest, 10.juni 2022

**ARKHAUS AS**

*Alexander Kupz*  
Alexander Kupz  
dagleg leiar



Besøksadresse:  
Sjøgata 17  
Hammerfest

Postadresse:  
PB 1127  
9615 Hammerfest

Telefon:  
417 90 525

Bankgiro:  
9722.46.72253

e-mail:  
[e-post@arkhaus.no](mailto:e-post@arkhaus.no)



arkitektbedriftene